

---

**Fra:** sindre <sindhop2@hotmail.com>  
**Sendt:** 11. august 2015 11:05  
**Til:** Tord Moltumyr  
**Kopi:** Vidar.nottveit@vegvesen.no  
**Emne:** STØY VEDRØRENDE ARBEID PÅ E39.

Hei. Vi har tidligere vore i kontakt med deg angående støy ved bygging på E39. Vi er i ein svært fortvila situasjon der vi er sterkt plaga av støy i nærheten av soveromma våre. Det har blitt informert tidligare at arbeidet skal vare frå 0700 til 1900. Dessverre vert dette ofte ikkje overholdt. Vi har og vore plag av støyande nattarbeid i perioder på fleire netter. Det som har forverra situasjonen vår er at vi har fått et steindeponi rett i nærheten av soveromma på huset vårt.

Vi er ein familie på 4, vi har to barn som er 4 og 1 år . Vi legg barna våre kl 1900, men med aktiviteten som har vore på dette deponiet har det vore vanskelig og kveldane har vore lange. Vi har måtta laga oss ei rutine der vi kontakter imlenia / statens vegvesen ved mykje støy ca. 19.20. Dette skjer så godt som vekentlig og pleier å hjelpe for den aktuelle kvelden. Og så er arbeidstiden nok ein gang gløymd, og me må nok ein gang bruke kvelden på telefon, telefonsvarar og sms.

Angående dette steindeponiet. Me har vorte informert om at det skal byggast ein støyvoll mot vårt hus som skulle vere ferdig no i sommar. Me har trudd at det er denne vollen dei har arbeid med når dei har laga dette steindeponiet. Rett før fellesferien fekk me greie på av Jørn Grytten i Implemia at dette deponiet har heile tida vore i kontrakta. Me synes det er svært underlig at me som bur så tett opp i dette ikkje har vorte informert og tilbudt noko salgs form for skjerming av støyen. Dette som ser ut til å skulle bli støyvollen vert brukt som anleggsvei, og auker støyen betraktelig.

Rett før fellesferien måtte me kontakta politiet då nattarbeidet varte utover det varsla tidspunktet, og i tillegg stod det ei maskin i deponiet natta gjennom og tok i mot stein. Heldigvis fekk politiet stoppa arbeidet, men det er tragisk at det har gått så langt.

Grunnen til at me sender denne mailen no, er at me på telefon fra Thomas Arnesen i Implemia har fått informasjon om at dei skal ha et møte med deg. Seinest i kveld var me i kontakt med Thomas Arnesen, som forteller oss at i vedtektene står det at dei kan arbeide og sprengje fram til kl. 21. Me veit ikkje kva dette møtt dreier seg om, men me er bekymra for at det vil føre til auka støy for oss i det koma året. Me håper du tar vår og andre bebuarar si sak. Situasjonen er egentlig uholdbar for oss slik den er per dags dato.

Med venleg helsing Sindre og Renate F. Hopland